



Dette er det aktuelle hyttefeltområdet med fylkesvegen til høyre

Statens vegvesen stillar seg noko skeptisk til Rødshagen hyttefelt i Uskedalen som no er under regulering. Planområdet omfattar fylkesveg 48 med areal for fritidsbustader på sørsida oig naustområde på nordsida av vegen. Vegvesenet strekar under at det er oppteken av avkøyrslatihøva og byggjegranser til vegen.

Det vert streka under av avkøyrslar til hovudveggar som denne skal vera avgrensa. Det kan ikkje påreknast at det vert gjeve løyve til nye avkøyrslar til fylkesvegen innan planområdet,

Her er det i kommunedelplanen teke med eit større område for fritidsbustader enn det det nå skal utarbeidast detaljplan for.

Det må påreknast at det vert sams avkøyrslar også om området skal utvidast i samsvar med kommunedelplanen. Avkøyrslar med siktsoner må liggja innanfor plangrensa.

Vegvesenet vil også minna om at det generelt er 50 meters byggjegrænse i høve senterlinje fylkesveg. Byggjing nærare fylkesvegen må avklarast i detaljreguleringsplanen. Det vert lagt til naust og dei må i såfall ha tilfredsstillande parkeringsplassar.

Vegvesenet regnar med å verta teken med på råd i samband med detaljreguleringa og tek atterhald om å koma med merknadar når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen